

Trond-Eirik Larsen  
Hesjakollen 25  
5142 FYLLINGSDALEN

Referanser: Saksbehandlar: Dato:  
Dykkar: Hanne Marie Evensen 29.08.2022  
Vår: 22/4403 - 22/64932 hanne.marie.evensen@alver.kommune.no

## Trong for tilleggsdokumentasjon - gbnr 129/21 Titland søndre

Tiltak: Oppføring av bod/lagerhus  
Byggjestad: Gbnr: 129/21  
Tiltakshavar: Trond-Eirik Larsen  
Ansvarleg søker:

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 27.05.2022 og merknad motteke 03.06.2022.

### Vi trenger meir dokumentasjon i saka

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Utifrå innsendt situasjonskart kan det sjå ut som at bygget er plassert i strid med byggegrense mot sjø. Dersom det er tilfelle på det søker om dispensasjon frå byggegrense mot sjø. Dispensasjon må nabovarslast og grunngjenvast.

Det er lagt ved nytt situasjonskart og vi ber deg og om å plassere bygg på dette kartet.

2. Egedomen er i KDP for Lindås 201-2031 sett av til fritidsbebyggelse. Det følg av føresegn 2.2 at areal sett av til m.a. bygg og anlegg, skal inngå i reguleringsplan før tiltak som krev søknad og løyve etter pbl § 20-2, jf. § 20-1 vert tillate. Det må difor reguleres eller søker om dispensasjon frå krav om reguleringsplan. Dispensasjon må nabovarslast og grunngjenvast.
3. Oppføring av bygg på ubebygd egedom er eit søknadspliktig tiltak med krav om bruk av ansvarleg føretak, jf. pbl §§ 20-3, jf. § 20-1.
4. Minsteavstand til kommunal veg er 15 meter, dersom tiltaket er nærmare enn det må det søker om dispensasjon til vegavdelinga i Alver kommune.  
Ber om at avstand til vegmidte kjem fram på situasjonskartet.
5. Det er motteke merknad til tiltaket. Vi tilrår at du kommenterer denne merknaden.

### Alver kommune

Postboks 4, 5906 Frekhaug post@alver.kommune.no Kontonummer: 3207 29 30559  
Innbyggjarservice: +47 56 37 50 00 www.alver.kommune.no Organisasjonsnummer: 920 290 922

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan 29.09.2022. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysingane som ligg i søknaden.

## **GENERELL INFORMASJON**

### **Det er ditt ansvar å levere en komplett søknad**

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søker om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forsenkingar i saksgangen.

### **Sakshandsamingsfrist**

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

### **Gebyr**

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltingsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med helsing

Alver kommune Plan og byggesak

Are Frøysland Grande

Hanne Marie Evensen

Avdelingsleiar

Rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

### **Vedlegg:**

Merknad til byggesak - gbnr 129/21 Titland søndre  
Avtale erklaering  
Godkjent avkjørsel  
Nabo varsel  
129.21

### **Mottakarar:**

Trond-Eirik Larsen

Hesjakollen 25

5142

FYLLINGSDALEN